



SVASTUGU

Av Knut Raastad, skrivi 2004

Treskjæraren Anders Tassmyrhaugen 1790-1863 vart i 1852 gift andre gongen med Mari Erlandsdotter Skålen 1819-1896. Ho var ei eldre syster av sonekona hans. Mari hadde før ho var gift sonen Ola Hansen Lysåker (seinare Lunna i Lom) 1847-1929, faren var Hans Andersen Lysåker f. 1825 og Ola voks truleg opp hjå han. Anders og Mari flytte over Dipra og sette opp ei stugu som vart kalla Svastugu, men jorda var oppe i bakken sør for Dipra. Anders og Mari hadde døtrene

Barbro Andersdotter Visteløkken f. 1853, Barbro reiste til Amerika ca. 1900, ho hadde

utan å vera gift tre barn som også reiste til Amerika

Ingri Andersdotter Visteløkken 1855-1932

Etter at Anders døydde i 1863 budde det truleg ikkje folk i Svastugu, Mari og døtrene budde i 1865 i Kolgroven og Mari budde der også i 1875. Mari og døtrene flytte med seg stugu til Vistelykkja, Mari døydde der i 1896. I 1900 budde Ingri i Vistelykkja saman med dottera Mari Syversdotter 1887-1909. Seinare flytte Ingri med seg stugu til Kjøpanger.

Svastugu vart skyldsett i 1946 som gnr. 93 bnr. 2.

Kjelder: I.Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen, s. 37

E.Grev, Årbok 1981: Muntleg overlevering um Tassmyrhaugjin, s. 49

A.Skrede, Årbok 1950: Anders Tassmyrhaugen, s. 48
Johannes Haugstad 1993: Varp og veft, s. 65
Folketelling 1900